



Statsforvaltaren i Vestland

Søknadsskjema
Nynorsk

SØKNAD OM MUDRING, DUMPING OG UTFYLLING I SJØ OG VASSDRAG



Skjemaet skal nyttast ved søknad om løyve til mudring, dumping og utfylling i sjø og vassdrag etter forureiningsforskrifta kapittel 22 og forureiningslova § 11. For andre tiltak i sjø kan søknadsskjemaet nyttast som utgangspunkt for kva opplysningar Statsforvaltaren treng for å kunne fatte ei avgjerd. Du kan gjerne bruke søknadsskjema for desse tiltaka også.

Skjemaet må fyllast ut nøyaktig og fullstendig, og alle nødvendige vedlegg må følgje med. Se rettleiar til søknadsskjema og informasjon til søker i eige dokument.

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/forureining/mudring-og-dumping---soknadsskjema/>

Bruk vedleggsark med referansenummer til skjemaet der det er nødvendig.

Søknaden skal sendast til Statsforvaltaren pr. e-post (svlpost@statsforvalteren.no) eller pr. brev (Statsforvaltaren i Vestland, Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger).

Innhald

1. Generell informasjon	3
2. Type tiltak	4
Del A – Mudring	4
Del C – Utfylling	7
3. Lokale tilhøve	9
4. Forureiningssituasjon, avbøtande tiltak, overvaking og mål	12
5. Handsama hjå andre styresmakter?	17
Vedlegg	17

1. Generell informasjon

a Tiltakshavar (ansvarleg søker)			
Namn	Engebø Rutil and Garnet		
Adresse	Hafstadvegen 34, 6800 Førde		
Telefon	92640645		
e-post	kenneth.nakken.angedal@nordicmining.com		
Hovudeining (org.nr.)	990 691 606		
Undereining (org.nr.)	990 691 606		
b Tiltakshavars kontaktperson			
Namn	Kenneth Nakken Angedal		
Adresse	Hafstadvegen 34, 6800 Førde		
Telefon	926 40 645		
e-post	kenneth.nakken.angedal@nordicmining.com		
c Konsulentfirma (eventuelt)			
Namn	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.		
Adresse	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.		
Telefon	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.		
e-post	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.		
d Entreprenør (dersom kjend)			
Namn	Sunnfjord Industripartner AS		
Adresse	Mallasvika Kringlevegen 16, 6817 Naustdal		
Telefon	90614610		
e-post	thomas@enservice.no		
e Lokalisering av tiltak			
	Mudring	Dumping	Utfylling
Kommune	Sunnfjord Kommune	Kommune	Kommune
Stadnamn	Engebø	Stadnamn	Stadnamn
Gnr./bnr.	431/3, 431/6, 431/10		Gnr./bnr.
Koordinatar EUREF89 UTM 32V	Nord: 6822332 Aust: 310556	Nord: Nord Aust: Øst	Nord: Nord Aust: Øst
f Tidsperiode for planlagt gjennomføring av tiltaket (månad og år) og kor lenge arbeidet vil pågå			
November til Desember 2023			
g Fakturainformasjon			
Fakturaadresse	Engebø Rutil and Garnet Hafstadvegen 34 6800 Førde		
Fakturareferanse	Søknad om mudring		

Anna (Prosjektnummer e.l.)	Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.
Kontaktperson for fakturering	
Namn	Kenneth Nakken Angedal
Telefon	926 40 645
e-post	kenneth.nakken.angedal@nordicmining.com

2. Type tiltak

Mudring, dumping og plassering av materiale frå skip er underlagt reglane i forureiningsforskrifta kapittel 22. *Mudring og dumping i sjø og vassdrag* og krev alltid løyve etter § 22-6.

For utfyllingsarbeid og andre tiltak utført frå land er det ein vurderingssak frå Statsforvaltaren si side om tiltaket krev løyve etter forureiningslova § 11.

Mudring	<input checked="" type="checkbox"/>	<i>Fyll ut del A</i>
Dumping	<input type="checkbox"/>	<i>Fyll ut del B</i>
Utfylling	<input checked="" type="checkbox"/>	<i>Fyll ut del C</i>
Tiltak i ferskvatn	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/>	
Dersom tiltak i ferskvatn: Er det strekningar som fører anadrome laksefisk eller trua ferskvassartar (t.d. elvemusling, ål, edelkreps)	Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	

Del A – Mudring

Ein kvar planlagt forflytning av massar frå sjøbotn


Utgreiing av tiltaket

a Føremål			
Vedlikehaldsmudring	<input type="checkbox"/>	Årstal siste mudring N/A	Dok. Vedlagt <input type="checkbox"/>
Farledsmudring	<input type="checkbox"/>		
Miljømudring	<input type="checkbox"/>		
Undervasssprenging	<input checked="" type="checkbox"/>		
Anna	<input type="checkbox"/>	<i>Spesifiser:</i> Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.	

b Gi ei kort utgreiing av tiltaket inkludert føremål

Føremålet med tiltaket for sprenging under sjø, er å etablere området for sikker og effektiv adgang til avgangssystemet med rørføringer, som er ein viktig del av mineralprosesseringsanlegget på Engebø. Avgangssystemet med metodikk for minimering av partikkelspredning, er også ein del av den godkjente utslippstillatelse og avfallshandteringsplan frå Miljødirektoratet. Tiltaket med sprenging under sjø er derfor nødvendig for å tilfredsstille krav stilt i utslippstillatelsen. Etter samtale med Sunnfjord Kommune (Anniken Heggedal, 06.09.2023) er det avklart at det tiltaket er i tråd med reguleringsplan.

Det er allereie sprengt ut eit kammer på som går ned til om lag -10 meter (Raudt kvadrat i figuren under). Arbeidet som denne søknaden ombefattar vil være å sprengje seg ned til -12 meter for så å etablere ei flate på -10 meter der det skal etablerast infrastruktur knytt til utleppssystemet. Dette er markert med blått i figuren under. For å knyte det raude og det blå området under saman, må det grøne arealet i figuren (gjenværande fjell innanfor kystlinja) også sprengast ut. Seinare skal det støypast opp kantar for å etablere det endelege kammeret.



Eit fartøy med ein borerigg i baugen og gravemaskin i akterenden skal utføre jobben. Først ankrar og fortøyer båten seg opp med baugen mot land og byrjar boringa. Deretter ladast hola ved hjelp av dykkarar og partiet skytast ut i ei salve ned til -12 meter. Når ein setter i gang med arbeidet kan det vise seg at det blir naudsynt å dele opp i nokre få mindre salver. Det er utfordringar knytt til å bore, lade og skyte fleire gangar ettersom tiltaket er under vatn, men det leggast opp til å ha så stort forsinkelse som mogleg på salva med tilhøyrande låg einheitsladning. Ein planlegger salvene slik at så mykje stein som mogleg blir skote innover i gropa.

Etter at salvene er sprengt snur båten og graver ned og planerar ut til om lag -10 meter. Overskotsmasser vil rakast ut til sida av planert område. Ei må rekne med at noko stein kan forsvinne ned mot djupet i forbindelse sprenging og massehandtering. Blandekammeret er utskote i sin heilheit. Dette gjer til at det er minimalt med sprenging som må utførast i kontakt med fjorden, men det omsøkte tiltaket er naudsynt for slutføringa.

Det skal nyttast om lag 1000 kilo sprengstoff. Saman med ansvarleg totalentreprenør og underentreprenør skal det utarbeidast ein gjennomføringsplan med fokus på å skåne fjordmiljøet (fokus på lyd og partiklar). Dette inkluderar å optimalisere tenningsplanen (lang tidsforsinkelse, få detonasjonar per tenning, låg einheitsladning osv).

c Areal som skal mudrast. Skal også teiknast inn og talfestast i kart.		
215	Kvadratmeter, m ²	
d Volum som skal mudrast		
1300	Kubikkmeter, m ³	3650 Utrekna vekt, tonn
e Vassdjup før mudring		
0	m	
f Ønska vassdjup etter mudring		
10	m	
g Tiltaksmetode ved mudring		
Utførast frå skip <input checked="" type="checkbox"/>	Utførast frå land <input type="checkbox"/>	
Gravemaskin <input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Grabbmudring <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Sugemudring <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Undervasssprenging <input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Anna <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Beskriv kort korleis mudringa skal utførast for alle metoder:
Sjå beskrivelse i a).		
h Disponeringsløyising for mudra massar		
Lovleg avfallsanlegg <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Dumping i sjø eller vassdrag <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Fyll ut del B
Nyttiggjering på land <input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Forklar under
Anna <input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Forklar under
Massane som sprengast ut vil nyttast til planering av utsprengt område under vatn. Overskotsmasser vil rakast ut til sida av planert område og nyttast til voll-føremaal. Ei må rekne med at noko stein kan forsvinne ned mot djupet i forbindelse sprenging og massehandtering.		
i Metode for avvatning, opplasting, transport og disponering av mudra massar (forklar)		
Ikkje relevant.		

Del C – Utfylling

Tømming av masser i sjøen for å etablere noko nyttig, som utvide areal. Det må vere *nyttiggjering* og det må vere *eigna massar*.

Utgreiing av tiltaket

a Føremål

- | | | |
|-------------------|-------------------------------------|--|
| Landvinning | <input type="checkbox"/> | |
| Infrastruktur | <input checked="" type="checkbox"/> | |
| Molo/bølgjebrytar | <input type="checkbox"/> | |
| Anna | <input checked="" type="checkbox"/> | <i>Spesifiser:</i> Planering til konstruksjon under vatn |

b Gje kort greie for tiltaket. Spesifiser føremål med utfyllinga.

Føremålet er å anvende mudra masser (sprengt frå same område, Sjå del A) til å planere ut ei flate som skal anvendast til avgangssystemet til Engebøprosjektet. Sjå Del A for meir detaljar

c Areal som skal fyllast ut. Skal også teiknast inn og talfestast i kart.

215 Kvadratmeter, m²

d Volum som skal fyllast ut.


430 Kubikkmeter, m³ 1200 Utrekna vekt, tonn

e Vassdjup før utfylling

12 m

f Gje greie for metoden for utfylling (snitt-teikning(ar) skal leggjast ved)

Ved hjelp av båt utstyrt med borerigg i baug og gravemaskin i akterenden skal utføre boring og sprenging (sjå beskrivelse over). Etter sprenging skal sprengsteinen brukast til å planere ut området der det er sprengt. Overskotsmasser vil leggast på sida av det planerte området. Massehandteringa vil utførast ved hjelp av gravemaskin i akterenden på båten som skal nyttast til oppdraget. Snittet under viser korleis tiltaket er tenkt med etablering av intrastruktur under havnivå på land, og korleis det er tenkt av det skal sprengast ned til -12 meter for deretter å planere ut på -10 meter.



g Gje greie for utfyllingsmassane inkl. vurdering av plast

Materialet som det omsøkast her er generert frå sprenging under vatn (mudring – ref beskrivelse i del A). Materialet vil brukast til å planere ut der det er sprengt og resterande materiale vil skyvast ut til sida for tiltaket i form av ein undervassvoll. Massane som dumpast er av bergarten gneis. Gneisen, ein augegneis, er sterkt foliert beståande hovudsakeleg av kvarts, feltspat og glimmer. Biletet under viser typisk utsjånad på gneisen som skal sprengast ut og nyttast til planering



Typisk er eigenvekta på gneisen 2,8 tonn per kubikkmeter. Kornstorleiken på det utsprengte materialet vil være 0 til 800 mm. Svellfaktoren vil være på om lag 1.5.

Gneisprøver i det aktuelt området vart tatt og analysert for tungmetall (9 prøver) og syrenøytraliseringspotensiale (3 prøver) viser at gneis frå området er godt innanfor klassifiseringa for inert materiale.

Det vil være noko plast i massane frå sprenging, men det skal etterstrebast å bruke så lite plast som mogleg ved å 1) Bruke elektriske tennarar og 2) være i posisjon til å same opp synleg plast som flyter opp til overflata etter salver og planering under vatn. For å redusere moglege utslepp av plast vil vi følge veiledning frå Miljødirektoratet sitt Faktaark M1085/2018.

3. Lokale tilhøve

a Eigedomar som blir råka av tiltak

Eigar	Gardsnummer/bruksnummer
Engebø Rutile and Garnet	431/3
Engebø Rutile and Garnet	431/6
Engebø Rutile and Garnet	431/10

Dersom tiltaket går inn på eller kan råka anna persons eigedom skal skriftleg godkjenning frå grunneigar leggjast ved.

b Utgreiing av botntilhøve og området sin grunnstabilitet

Botnen der tiltaket skal utførast består at fast fjellbotn med noko sediment som jamt går nedover mot 20-30 meter før det raskt skyter ned mot 200 meters djup. Grunnforholda i området framstår som gode og det er lite lausmasser oppå fjellet.

c Er det naturverdiar i eller i nærleiken av tiltaksområdet?

Ja

Nei

Dersom ja, angje kva for og omtal korleis desse eventuelt kan råkast av tiltaket. Oppgje kjelde for opplysningane.

I samband med reguleringsplan for Engebøfjellet vedtatt i 2011 og godkjent i 2015, er det gjort konsekvensutgreiing og risiko vurdering av påverknad på blant anna biologisk liv i fjorden. Dette omfattar villfisk som vandring av laks/smolt, gyteområde for torsk. Vidare undersøkingar av naturverdiar er gjort i området:

Dykkerundersøking (DNV, 2022) er utført på tre lokalitetar rundt (og vekta austover) mudringsområdet. Videoar tekne med ROV syner typisk og forventa botnflora på botnen der fyllinga skal etablerast. Det vart ikkje avdekkja frammadartar eller raudelista artar.

ROV-undersøkingar frå 2014 (DNVGL, 2014) dokumenterte følgande artar i grunt vatn i sjøsona: Tarmgrønnske, slettrugl, sukkertare og blæretang.

Frå naturbase kan ein sjå at det er gjort ein enkelt observasjon av tjeld i nær tilknytning til tiltaksområdet. Då dette kun er ein enkelt observasjon, og anleggsarbeidet berre vil føregå utanfor hekketida for tjeld, er det ikkje venta at tjeld vil bli påverka av tiltaket.

I 2013 er det gjort ROV-undersøkingar i det aktuelle området, og då vart det observert berggylte og småtorske (Sweco, 2023).


d Utgreiing av naturtilhøva (ver, vind, straum, mm.)

Klimaet på Engebø er typisk for vestlandet med lange relativt varme dagar om sumaren til korte, relativt kalde dagar på vinteren. Grunna nærleiken til fjorden og kysten er det ikkje langvarig tele, og snøen ligg sjeldan meir enn eit par månadar. Årleg fell det om lag 2 000 mm nedbør over Engebø fordelt ut over alle fire årstider.

I vedlagt dokument (Niva 2009 - Tilleggsvurdering knyttet til strømførhold og potensiell spredning av gruveavgang ved endret deponeringsløsning), er beskrive at Førdefjorden er kjenneteikna med følgjande straumssystem.

- Estuarin sirkulasjon hovudsakleg drive av ferskvasstilføringa frå elvar i fjorden.
- Vinddriven straum
- Tidvasstraum
- Djupvassutskifting, då Førdefjorden er ein terskelfjord

I samband med rapport LNR 5690-2008 «Spredning av partikler i overflatelaget utenfor Engebøfjellet», er det gjort modelleringar av overflatestraumar i fjorden. I figuren under henta frå denne rapporten er tiltaksområdet markert med grøn prikk.



Figur 10. Kart over fjorden utenfor Engebøfjellet. De to strømmålerne (R1661, R1662), CTD stasjonene (F1, NM2) og oppdrettslokaliteter (L4, T1, T2, S1) er markert. Overflatestrømmen midlet over den perioden modellen er kjørt for er vist med brune piler. Den svarte linjen sørover fra Stølselva angir et snitt på tvers av fjorden som det senere i rapporten blir beregnet partikkelkonsentrasjoner for.

Kjelde: NIVA (2009)

e Oppgje kjente allmenne brukarinteresser knytt til lokaliteten eller nærområdet til lokaliteten og beskriv korleis desse eventuelt kan råkast av tiltaket.

Det er ingen kjende allmenne brukarinteressar i område.
Området er regulert for industri.

f Havnespy	Ja	Nei
Er det kjente førekomstar av havnespy ¹ i nærleiken av tiltaksområdet?	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Er deg grunn til å tru at det kan vere havnespy i nærleiken av tiltaksområdet?	Ja	Nei
	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
g Er det røyr, kablar eller andre konstruksjonar i området? <i>Dersom ja, merk av på kart som skal leggjast ved søknaden</i>	Ja	Nei
	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>

4. Forureiningssituasjon, avbøtande tiltak, overvaking og mål

Prøvetaking og analyse må utførast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.

a Er det kjende forureiningskjelder i nærleiken (t.d. slipp, kommunalt avløp, båthamn, industriverksemder e.l.) <i>Dersom ja, angi kva for</i>	Ja	Nei
	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.		
Rettleiaren for søknadsskjemaet er lest og prøvetakinga er omtalt i samsvar med denne	Ja	Nei
	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
b Kartlegging av forureining i sjøbotn (analyseresultat/rapport skal leggjast ved søknaden)		
Tal prøvestasjonar	0	
Tal prøvepunkt per stasjon	0	<i>Prøvepunkt skal teiknast inn på kart, jf. figur 1 i «Rettleiar til søknadsskjema»</i>
Prøvedjupne (analysert) i sediment (laginndeling må visast)	N/A	

¹ <https://artskart.artsdatabanken.no/havnespy>

Gje greie for prøvetakinga

Gjennom diskusjonar med Statsforvaltaren og med fagkompetanse i Sweco er det konkludert med at risikoen for spreiding av miljøgifter i samband med sprengning, mudring og dumping for dette tiltaket er låg. I tillegg er tiltaket relativt lite, og arealmessig er lagt godt innanfor kategorien «lite tiltak» (under 1000 kvadratmeter) Utfyllande vurdering av dette finnast i Notat – Vurdering av forurensing ved Engebø (Sweco, 2023).

c Summèr opp analyseresultata (det må gå fram om sjøbotn inneheld miljøgifter i tilstandsklasse III eller høgare²)

Sjå b

d Finstoffinnhald i sedimentet

Stein	Grus	Sand	Silt	Leire
N/A	N/A	N/A	N/A	N/A

Eventuell nærmare omtale

N/A

² Tilstandsklasser for sediment jf. Veileder M-608/2016 – revidert 30.10.2020

e Gje greie for avbøtande tiltak for å hindre spreining av forureining (inkludert reine partiklar) og/eller negativ påverknad på naturverdiar. For utfylling må også tiltak mot spreining av plast vurderast.

Sjå f) for utfyllande beskrivelse

- 1) Sprengje hovudkammer før det punkterast mot sjø
- 2) Forsinkelse på salve
- 3) Låg einheitsladning
- 4) Skremmesalver
- 5) Sprengje utafør gytesesong
- 6) Grave vekk sediment før sprenging
- 7) Optimalisert sprenging (Sprengstoff mot danning av finstoff)
- 8) Elektroniske tennarar
- 9) Sjå etter og plukke opp plast som flyt til overflata


f Gje greie for risikovurderinga av tiltaket på ytre miljø og vis til eventuell rapport. *Risikovurderinga bør gjennomførast av uavhengig tredjepart med dokumentert kompetanse.*

Denne delen er utarbeida i dialog og samarbeid med fagmiljø i Sweco. For det omsøkte tiltaket er det fire hovudrisikoar for det ytre miljøet

- 1) Støy/trykk frå sprenging under vatn
- 2) Spreiing av botnsediment ved sprenging og graving
- 3) Spreiing av skarpe partiklar frå sprenging
- 4) Spreiing av plast

Støy/trykk frå sprenging under vatn

Undervasssprenging kan føre til direkte organskader på nærlevande fisk men også på fiskeegg. Torskefisk med lukka svømmeblære er meir utsett for trykkskader enn for eksempel laksefisk. Tiltaket vil gjennomførast før den venta gytesesongen for torsk, og sprenginga skal foregå minst 1.25 km frå næraste markerte gyteplass. I tillegg vil ein odde som stikk ut i sjøen (sjå Del A, boks b) kunne ta unna noko av trykket innover mot Redalsvika.



Ved einheitsladning på 50 kg sprengstoff er det vist til ei risikosone på opptil 500 meter. Det leggast opp til ei vesentleg lågare einheitsladning enn 50 kg og ein forsinkelse på 40 ms. Avstanden til moglege gytefelt (1.25 km) og fiskeoppdrett (3.5 km til fiskeoppdrett utanfor Dyvika) gjer til at risikoen for eit betydeleg skadeomfang på fisk og fiskeegg er ansett som liten.

Skremmesalver skal nyttast i forkant salvene. Dette vil gjerast ved å detonere fenghetter. Effekta av eit slikt tiltak er ikkje godt dokumentert, men det er venta av fisk i umiddelbar nærleik vil bevege seg bort frå staden og forflytte seg til meir skjerma lokalitetar i strandsona før sprenging.

Det kan ikkje utelukkast av sprenginga kan ha ein negativ påverknad på enkelte individ, men det er ikkje forventa negativ påverknad på bestandsnivå.

Spreiing av botnsediment ved sprenging og graving

Risikoen er knytt til risikoen ved spreiing av tungmetall og miljøgifter knytt til sedimentene på sjøbotnen, enten som naturleg forekommande tungmetall eller som forurening frå aktivitet rundt. Det er relativt lite sediment i området og sedimentene er dominert av fraksjonar grovare enn leirefraksjon (Sweco, 2023). Mykje av sedimentane skal også skrapast bort i forkant boring og sprenging. I tillegg er innhaldet av miljøgifter i omliggande sediment så lågt at spreiing av miljøgifter ikkje er sett på som ein betydeleg risiko ved prosjektet.

Spreiing av skarpe partiklar frå sprenging

Sprenging vil føre til danning av ei viss mengde skarpe partiklar. Slike partiklar kan gjere skader på organismar i sjøen. Saman med entreprenør vil vi planlegge for eit så lågt sprengstofforbruk som mogleg for å redusere genereringa av fine partiklar som kan komme i suspensjon. Då tiltaket er lite med få salver er det ikkje venta at mengda skarpe partiklar i fjorden vil være ein risiko for biomangfaldet.

Spreiing av plast

Det er anerkjent at det er utfordrande å fjerne skyteledningar og andre plastrestar som er fanga i utsprengt materiale (Faktaark M1085/2018). Ved å anvende elektroniske tennarar bruker ein noko mindre plast i tennarsystem og ledningar samtidig som mykje av plastrestane synker til botnen og forblir i, på og umiddelbart rundt det utsprengte området. Saman med entreprenør skal eventuell plast som flyter plukkast opp frå sjøen og sendast til avfallsstasjon i henhold til gjeldande miljøoppfølgingsplan. Med tanke på omfanget av tiltaket er det ikkje venta at plastutsleppet blir betydeleg. Det skal uansett jobbast for å redusere plastbruk og utslepp i så stor grad som mogleg.

g Tiltaksmål

Tiltaksmålet vil være

- Spreng ut veggen til blandekammeret for å gi tilgang til fjorden.
- Ta opp det meste av sprengstein for bruk i anlegget på Engebø
- Være ferdige innan 31.12.2023

h Miljømål

Miljømåla for tiltaket vil være å

- Gjennomføre tiltaket over så kort tidsrom som mogleg
- Bruke så lite sprengstoff som mogleg for å oppnå riktig kvalitet
- Ha eit så lågt plastutslepp til fjordmiljøet som mogleg
- Gjennomføre arbeidet i god tid før gytesesong for kysttorsk

i Plan for overvaking av vatn, spreiring av massar og sluttkontroll

Det er for augonblinken utplassert ein online turbiditetsmålar 380 meter aust for området for det omsøkte tiltaket. Dersom det blir utslag på målaren har vi prosedyrer for varsling og prøvetaking av vasskvalitet. Det vil også være visuelle observasjonar i høve arbeidet og arbeidet vil dokumenterast med bilder. Sluttrapport for tiltaket vil sendast til Statsforvaltar etter at tiltaket er gjennomført.

5. Handsama hjå andre styresmakter?

(det er tiltakshavar som har ansvar for å ha dei nødvendige løyva på plass ved oppstart)


	Ja	Nei	Annet
a Plan- og bygningslova (kommunen)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<i>Skal leggest ved</i> ev. kommentar
b Hamne- og farvasslova (Kystverket/havnevesen)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	ev. kommentar
c Kulturminnelova (Norsk Maritimt Museum)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	ev. kommentar
d Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (dersom Fylkeskommunen)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	ev. kommentar

Andre opplysningar som er av betydning for saken skal leggest ved søknaden.

Vi gjer merksam på at søkjar sjølv er ansvarleg for ikkje å oppgje sensitiv informasjon (forretningshemmelegheiter, ol.) i søknadsskjemaet då skjemaet er offentleg tilgjengeleg.

- Søkjar er kjent med at det skal betalast gebyr for handsaming av søknaden (kryss av for å stadfesta), jf. forureiningsforskrifta § 39.

Førde, 15.09.2023
Stad, dato


Søkjar sin underskrift

Vedlegg

- No_1 Sweco 2023 - Notat - Vurdering av forurensing ved Engebø
- No_2 NIVA 2009 - Tilleggs vurdering knyttet til stroemforhold og potensiell
- No_3 DNVGL 2014 - Marinbiologisk tilleggsundersøkelse i Førdefjorden
- No_4 DNV 2022 - GRUNNTVANNSUNDERSØKELSE ENGJABØNESET - PRELIMINÆRE RESULTATER
- No_5 NIVA 2008 - Spredning av partikler i Overflatevann
- No_6 Sweco (2022) - Miljørapport Sedimentundersøkelser Engebø
- No_7 Detaljregulering Engebø
- No_8 Regplankart_Engebø
- No_9 Vedtak om ettstegsløyve til grunnarbeid
- Nr.XX Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Statens hus, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger || sfvpost@statsforvalteren.no ||
<https://www.statsforvalteren.no/vestland/>

